



Dok.dato: 21.03.2017

Vår Ref: 16/3597-4

Arkiv:

SØKNAD OM TILSKOT PÅ KR 400.000

for tilrettelegging og formidling av arkeologiske kulturminne Skaganeset/Kvalvågen

Innhald

Dok.dato: 21.03.2017	Vår Ref: 16/3597-4	Arkiv:	1
1. Formalia			2
2. Skildring av området Skaganeset og Kvalvågen			2
3. Mål med prosjektet			3
4. Planlagde tiltak			3
4.1 Etablere universelt utforma sti med merking og skilting			3
4.2 Informasjon - interaktiv formidling			4
4.3 Bru og tilrettelegging av tilkomst sjøvegen			4
4.4 Bygdeutvikling og reiseliv			4
4.5 Andre faselitetar for publikum			4
4.6 Forvaltningsplan			5
4.7 Andre tiltak			5
5. Organisering av prosjektet			5
5.1 Framdriftsplan			5
5.2 Forprosjekt			5
5.3 Hovudprosjekt			6
5.4 Prosjektorganisasjon			6
5.5 Samarbeidspartnarar			6
6. Finansiering og drift for heile prosjektet			7
6.1 Utgifter			7
6.2 Inntekter			7
7. Vedlegg				

1. FORMALIA

Prosjekteigar: Sund kommune

Askeladden ID for kulturminnet som er aktuelt for tilrettelegging (alle ID knytt til prosjektet):

ID 60616, ID 97070, ID 97071, ID 97073, ID 97074, ID 97076, ID 97079, ID 970822, ID 97084

Gardsnamn: Skaga

Gards- og bruksnummer: 49/73, 49/8, 49/1, 49/6 (henta frå BARK søknad)

Tidlegare eventuelle tilskot: Det er søkt BARK- midlar. Svaret ligg ikkje føre pr.d.d.

Samtykke frå grunneigar og i høve til bruk av vegtilkomst, parkering m.m./ skildring av korleis dette skal løysast: Munlege avtaler gjort i veke 13. Skriftlege avtaler vert utarbeidd i forprosjektet. Sjå elles pkt. 4.1 og 5.2 i søknaden.

Planstatus: Det ligg føre godkjend reguleringsplan for området.

Informasjon om søkjar:

Sund kommune

Organisasjonsnummer: 964338809

Kontonummer: 3470.09.50850

2. SKILDRING AV OMRÅDET SKAGANESSET OG KVALVÅGEN

Det ligg fleire steinalderbuplassar på Skaganeset ved Kvalvågen. Heile området har i tillegg ei heilt unik kvalfangshistorie. Riksantikvaren vurderer heile området til å vere av nasjonal og internasjonal verdi

Sund kommune har laga kulturminneplan som skal vedtakast i kommunestyret våren 2017. I denne planen er utvikling av Skaganeset som eit kultur- og friluftsområde ei prioritert satsing. Kommunen deltar også i prosjektet «Kartlegging og verdsetting av viktige friluftslivsområde». Saman med Sund turlag er kommunen engasjert i rydding og merking av turstiar. Eksisterande stiar er kartlagde som del av kartlegginga av friluftsområde. Kommunen er samarbeidspartnar i Sund turlag sin søknad til Turskiltprosjektet for 2017, der Skaganeset er eit av dei omsøkte områda. Eventuell tildeling her vil gje midlar til rydding, merking og skilting, men ikkje til utbetringar av sti eller etablering av universelt utforma stiar.

Det er viktig å sjå dette prosjektet i samanheng med utviklinga av Skaganeset/Kvalvågen, då turstiane går forbi kulturminna. Dei arkeologiske kulturminna er lite tilgjengeleg for folk med tanke på kva og kor dei finst. Det er ein rettskraftig reguleringsplan for Skaganeset. Reguleringsplanen omfattar store areal avsett til LNF-område, der det er lagt inn omsynssone for å sikre kulturlandsskapet langs Kvalvågen. Det er også innarbeidd bandleggingssoner for lokalitetar med automatisk freda kulturminne.

3. MÅL MED PROSJEKTET

Hovudmålet er å ta vare på – og å formidla kunnskap knytt til kulturminna på Skaganeset og rundt Kvalvågen, samt formidle historie når ein går i eit naturlandskap med mange kulturminne. Kunnskap og gode opplevingar kombinert med fysisk aktivitet gjev grunnlag for god folkehelse.

Delmål:

- Formidle steinalderlokalitetar, levevis og kulturlandskap i endring
- Formidle den spesielle og unike historia om kvalfangsten i Kvalvågen gjennom tida, samt utvikle Kvalvågen som ein attraksjon / reiselivsprodukt knytt til kulturminna i området
- Utvikle og etablere ei turløype i eit naturlandskap med mange kulturminne. Føremål er å synleggjere, formidle informasjon og opplevingar, kombinert med helsefremjande aktivitet
- Krigshistorie; motstandsrørsla i området.

Prosjektet vil bli organisert i eit forprosjekt og eit hovudprosjekt.

Prosjektleiarmetoden PLP skal nyttast systematisk i all leiing og overordna arbeid i prosjektet. All prosjektdokumentasjon skal utarbeidast i høve til denne metoden.

4. PLANLAGDE TILTAK

4.1 Etablere universelt utforma sti med merking og skilting

Ut frå kartlegginga av eksisterande stiar og vurdering av topografien i området, er det vurdert at delar av området kan tilretteleggjast for universell utforming. Det er utarbeidd ei skisse som også tar omsyn til plassering av steinalderfunn og reguleringsplan for ny veg. Det er særleg tenkt universell utforming til utsiktspunkt der ein planlegg formidling til skuleelevar, men truleg vil ein større del av området kunna utformast universelt. Skisse med innteikna trasé for universelt utforma stiar og andre stiar ligg ved søknaden. I prosjektet vil vi vera i tett dialog med fylkeskommunen og riksantikvaren for rettleiing, kontroll og kvalitetssikring av tiltaka i heile prosjektperioden. Vi skal laga ein konkret plan for utforming og vurdere kva vi er i stand til å få til av universell utforming som t.d. i Langskipevika om den framleis ligg som kulturminne i Askeladden.

Arbeidet med rydding, merking og skilting vil dels bli utført av kommunen, dels av turlaget. Kommunen sitt bidrag vil vere eit arbeidslag frå psykiatritenesta / ungdomskontoret / NAV under arbeidsleiing av kultureininga. Slik arbeidstrening har vore etablert sidan oktober 2016 i nært samarbeid med Sund turlag og Bergen og Omland Friluftsråd, der stiar på Tyssøy og i Sundskogen har blitt rydda og merka. Tilsvarande arbeid på Skaganeset vil starte opp så snart grunneigaravtalar er på plass.

Kommunen har munnlege avtalar med aktuelle grunneigarar. Desse skal skriftleggjerast tidleg i forprosjektet.

4.2 Informasjon - interaktiv formidling

Kommunen har første halvår 2017 to studentar frå faget «AHKR201- Praksis i arbeidslivet» ved UiB i feltarbeid på Skaganeset. Dei har begge bakgrunn innan arkeologi og fokuserer på formidling av kunnskap om steinalderbusetnadane. Dei har mellom anna fått laga ei kartskeisse som viser strandlinja 7 meter høgare enn dagens nivå, slik den var i periodar rundt både eldre- og yngre steinalder. Dei har dokumentert funna med bilde frå magasinet ved Universitetsmuseet, og hatt dialog med selskapet Arkikon om illustrasjonar til bruk i formidlinga. Dei har også laga lydfiler med mellom anna knakking som er tenkt brukt i interaktiv formidling, som t.d. i ein app. I den resterende delen av praksisperioden utarbeider studentane med tekst som skal brukast i formidlinga, og dei skal også laga ein audioversjon av den same informasjonen. Resultatet av feltarbeidet våren 2017 er planlagt presentert for studieleinga, prosjektgruppe og andre interesserte frå kommunen og fylkeskommunen 4. mai.

Kommunen ønskjer å vidareføra samarbeidet med UiB og håpar å få med nye studentar i det vidare arbeidet med dette prosjektet. For kommunen er dette med på å sikra fagleg tyngje. Vi trur også dette kan vera nyttig felterfaring for studentar.

I kommunen si kartlegging av friluftslivsområde, er det kartlagd moglege utsiktspunkt som kan eigna seg for formidling, både av steinalderbusetnadane og den rike kvalfangsthistoria som er knytt til området. Kommunen vil samarbeida med Sund sogelag, Folkeakademiet i Sund og Memoar. Memoar er ein organisasjon som samlar munnleg historie i Hordaland. Det er gjort avtale med leiar av Memoar for å sikra forteljingar gjennom videoopptak på biblioteket og ute i felten på Skaganeset i mai. Dette kan truleg bli ein del av den interaktive formidlinga. Til dømes kan klipp av intervju med historier om kvalfangst og krigshistorie være del av ein webapp som kan utviklast for området.

4.3 Bru og tilrettelegging av tilkomst sjøvegen

Det er foreslått ei bru eller eit båt-trekk mellom Skaganeset og Stekholmen. Ei slik løysing må vere tilpassa muren som delvis stenger sundet, samt isforholda på Kylpa. På Stekholmen er bua der kvalnota låg klar til å stenga Stekasundet.

Det er råd å tilretteleggje for tilkomst sjøvegen ved Stekholmen og i Langskipevika. Ei slik tilrettelegging vil verta høgt prioritert. Elles er området svært godt eigna for padling og bading.

4.4 Bygdeutvikling og reiseliv

I samarbeid med lokale eldsjeler og Bergen reiseliv, ynskjer ein å utvikle Kvalvågen som ein attraksjon / reiselivsprodukt knytt til kulturminna i området. Det skal m.a. leggjast til rette for ulike guida turar både på land og til sjøs. Stekholmen er eit mogleg utgangspunkt for guida ro-turar med færing for turistar.

4.5 Andre fasetetar for publikum

På utsiktspunkt er det også skissert mulig plassering av bålplass, utandørs amfi, eller evt. ein lavvo. Kommunen har også søkt om midlar frå fylkeskommunen til innkjøp av teljarar for dokumentasjon av bruk av stiane i området (tilskot til lågterskel fysisk aktivitet for born og ungdom).

4.6 Forvaltningsplan

Gjennom prosjektet skal det også utviklast forvaltningsplan for dei areala som er regulerte på vest- og sørsida av næringsområdet på Skaganeset. Forvaltningsplanen skal vere eit praktisk hjelpemiddel til å oppretthalde og fremje føremålet med å ta vare på området, samt sørgje for at ein unngår tilfeldige einskilde avgjerder, som kan vere uheldige for verneverdiane. Forvaltningsplanen skal samstundes sikre ein heilskapleg forvaltning av verneområdet ved å gje konkrete retningslinjer om bruk, informasjon, skjøtsel, tilrettelegging mv

4.7 Andre tiltak

Sund kommune har alt kjøpt området rundt Langskipevika. Det er planlagt å rydda sjøve vika og å sikra betre terrengmessig avslutning mot industriområdet.

Det skal lagast avtalar om parkering og tilkomst via Langskipevika i forprosjektet. Det er viktig for at folk kjem nær området med flest steinalderfunn.

5. ORGANISERING AV PROSJEKTET

5.1 Framdriftsplan

Ein ser føre seg at prosjektet vil vare i omlag tre år. Det vil bli organisert i eit forprosjekt og eit hovudprosjekt. Ein ser føre seg følgjande framdrift i høve til avgjerdspunkt og milepæl:

Tid	Avgjerdspunkt	Milepæl
02/05/17	Oppstart prosjekt	Oppstart prosjektgruppe
01/06/17		Grunneigaravtalar er på plass
01/08/17		Tilsett prosjektleiar
01/09/17	Ferdig godkjent prosjektplan for forprosjektet	
25/10/17		Orientering til styringsgruppe (saksgruppe næring og utvikling)
01/03/18	Ferdig godkjent prosjektplan hovudprosjekt	
02/05/18	Oppstart hovudprosjekt	
31/12/19	Avslutta prosjekt	

5.2 Forprosjekt

Noko av det viktigaste i forprosjektet er å kontakte, få dialog og samarbeid til grunneigarar - få deira synspunkt for disponering av LNF- områda. Andre sentrale tema vert å systematisere registreringane og samle meir dokumentasjon. Det er gjort både kartlegging og registreringar av kulturminne i Kvalvågen, men det står ein del att. Vidare skal det i forprosjektet planleggjast korleis kommunen kan leggje til rette for opplevingar og kunnskapsformidling om dei verdifulle kulturminna. Ein detaljert prosjektplan skal utarbeidast for hovudprosjektet.

Estimert tid forprosjekt: 1 år

5.3 Hovudprosjekt

Innhald i hovudprosjektet er å tilretteleggje Skaganeset/ Kvalvågen til friluftsområde, synleggjere alle kulturminna og gjere dei tilgjengelege for publikum. Då skal planlagde tiltak i forprosjektet gjennomførast. Sentrale tiltak er bygging og tilpassing av turstiar, skilting og infotavler om kulturminna – ein skal få fortalt ei historie når ein går i naturen. Det er aktuelt med guiding. Vi ynskjer å samarbeide med Bergen og omland friluftsråd (BOF) til evt kjøp av friluftsområde som er regulert til kulturminne/ landskapsvern.

Estimert tid hovudprosjekt: 2 år.

5.4 Prosjektorganisasjon

Oppdragsgjevar/ prosjekteigar: Sund kommunestyre

Styringsgruppe: Saksgruppe næring og utvikling

Prosjektgruppe: Representant frå: Fylkeskommunen, grunneigarar, Bergen og omland friluftsråd (BOF), representant frå frivillige lag i området, kultur og arealavdelinga i kommunen samt prosjektleiar. Prosjektstøtte frå Rådmannen sin stab.

Prosjektansvarleg: Rådmannen ved kommunalsjef

Prosjektleiar: Engasjementstilling med ekstern utlysing

5.5 Samarbeidspartnarar

I gjennomføring av heile prosjektet er det viktig å spele på både offentlege og private verksemder, samt frivillige organisasjonar og lokale eldsjeler. Det er alt etablert kontaktar med nokre sentrale aktørar. Fleire vil koma til.

Eit viktig arbeid i forprosjektet vert å formalisere samarbeidet gjennom avtalar. Følgjande aktørar er særleg viktige samarbeidspartnarar:

- Grunneigarar
- Bergen og Omland Friluftsråd
- Hordaland fylkeskommune
- Riksantikvaren
- Kultur- og Arealavdelinga i kommunen
- Sund sogelag
- Sund turlag
- Lokale lag: Skogsvåg ungdomslag, Skogsvåg kvinne og famielag, Hope trebåtlag og Skogsvåg idrettslag
- Skogsvåg skule
- Folkeakademiet i Sund
- Sotra Steinindustri AS
- Bergen reiselivslag
- Universitetet i Bergen

6. FINANSIERING OG DRIFT FOR HEILE PROSJEKTET

6.1 Utgifter

Utgifter	Kostnad
Lønsutgifter prosjektleiar 50% i 2,5 år	900 000,-
Turskiltprosjekt/ informasjonsmateriell	35 000,-
Faselitering/ møtekostnader	10 000,-
Reisekostnader for prosjektleiar	30 000,-
Interaktiv formidling/web-app	100 000,-
Anleggskostnader knytt til universell utforming 1.byggjesteg	430 000,-
Andre utgifter	30 000,-
Sum	1 535 000,-

6.2 Inntekter

Inntekter	
Søkt tilskot frå Hordaland fylkeskommune	400 000,-
Kommunale midlar/ frivillig innsats	850 000,-
BARC midlar (estimert)	150 000,-
Andre midlar (eksterne prosjektmidlar)	100 000,-
Turskiltprosjekt	35 000,-
Sum	1 535 000,-

Anleggskostnader knytt til universell utforming av sti i 1.byggjesteget for å koma nær dei arkeologiske kultuminna er rekna ut frå 215 m a kr 2000. Det utgjer kr 430 000.

Det er kartfesta fleire stiar som kan få universell utforming, men det får koma seinare i planperioden når vi kan finansiera tiltaka. Det er ikkje med i dette budsjettet.

Med bakgrunn i ovannemnde prosjektskildring med finansieringsplan, vert det søkt om kr 400 000,- .

Om einskilde inntektspostar sviktar, er kommunen budd på å gå inn med midlar for å få budsjettet i balanse.

Skogsvåg 30.03.17

Laila Klemetsaune
Leiar Kultur

7. Vedlegg

1. Kulturminne Skaganeset
2. ID 97076
3. ID 97070
4. ID 60616
5. ID 97074
6. ID 97071
7. ID 97082
8. ID 97084
9. ID 97073
10. ID 97079
11. Kart Skaganeset
12. Turstiar reguleringsplan
13. Kartutsnitt Skaganeset 10 moh
14. Kartutsnitt Skaganeset 8 moh
15. Kartutsnitt Skaganeset 5 moh
16. Bilete frå den siste kvalfestivalen

Merknader

Det er mogleg med universell utforming på den nordlege delen av området. Det vil bli krevjande å koma forbi ID 60616, så avklaringar frå fylkeskommunen er avgjerande om vi må søkja dispensasjon frå 5 meters sikringssone for å koma på austsida av denne.

Mellom ID 97070 og 97076 vil det ikkje vera mogleg å laga universelt utforma sti utan dispensasjon for å gå inn i 5 meters sikringssone. Alt arbeid her vil krevja tett dialog og samarbeid med fylkeskommunen.


Det vil ikkje vera nødvendig å byggja denne delen av stien viss ein vel å prioritera stien på nordsida, men den vil då koma mellom funna og sjøen.

Alle slike spørsmål vil verta tatt opp til vurdering i forprosjektet.

LK

KULTURMINNE - SKAGANESET





ID	97070
Navn	Skaga - Lok. 1 (2002)
Kategori	Arkeologisk minne
Art	Bosetning-aktivitetsområde
Opprinnelig funksjon	Bolig, bosetning
Synlig over markoverflaten	Ja
Registreringstype	Reguleringsplan
Registreringsmetode	Prøvestikking
Siste oppdateringer	Basisregistrering - Kontrollert av:A. Østerdal og O. M. Nøttveit
Eiendommer	49/73 - SKAGANESET
Gårdsnavn	Skaga
Eiertyper	Aksjeselskap (AS)

Beskrivelse


Lokaliteten måler om lag 40 X 30 m med orientering A-V og N-S. Lokaliteten er avgrensa ut frå prøvestikk men og ut frå topografien. Avgrensinga er ikkje eintydig og lokaliteten bør sjåast på som eit område med funn. I N finn ein område med berg og skrinne parti men og små flatar med lausmasse. I prøvestikka 1 og 2 er det klare avsetningar. Området er delvis grasgrodd / lyng og noko nakent berg. Her veks lerketre. Aust på lokaliteten er meir skrint og i prøvestikk 4 er det ikkje mykje lausmasse men mest vitra berg. Det same finn ein i prøvestikk 7. SA på lokaliteten finn ein eit åpent område med tjukk torvoverflate og nokre myraktige parti. Her er lyng gras og einer. Det veks gran fleire plassar men er her og område med lerk og noko blanda lauvskog. Det vart til saman teke 12 prøvestikk på og rundt lokaliteten. 7 av prøvestikka var funnførande. På ei hylle i skråninga opp for lokaliteten i SA ligg lokalitet 2. Avstanden frå kanten av lokalitet 1 kan vera omlag 15 m. SV og S for lokaliteten ligg lokalitetane 5 og 4.

Funnreferanse

Det er gjort til saman 59 funn på lokaliteten. Her er avslag i flint og ulike kvalitetar/sortar kvartsitt. Det vart og funne eit fragment av ei slipeplate i sandstein.

Terrengbeskrivelse

Lokalitet 1 ligg om lag 25 m V og opp for Langskipsvika. Lokaliteten femner om ei relativ flate men her er og skrinne parti og noko berg. 6-7 m N for lokaliteten ligg ein brønn og om lag 30 m lenger N ei hytte med ein sidebygning i V.



ID	97074
Navn	Skaga - Lok. 4 (2002)
Kategori	Arkeologisk minne
Art	Bosetning-aktivitetsområde
Opprinnelig funksjon	Bolig, bosetning
Fylke	Hordaland
Kommune	Sund
Synlig over markoverflaten	Ja
Registreringstype	Reguleringsplan
Registreringsmetode	Prøvestikking
Siste oppdateringer	Basisregistrering - Kontrollert av:A. Østerdal og O. M. Nøttveit
Eiendommer	49/73 - SKAGANESET
Gårdsnavn	Skaga
Eiertyper	Aksjeselskap (AS)

Beskrivelse


Utstrekninga på lokaliteten er uviss. Det vart teke til saman 3 prøvestikk i dette området men kun eit av stikka var funnførande. På kartet er det gjort eit forsøk på ein avgrensing men denne avgrensinga må sjåast som usikker og førebels og ikkje ei fast grense for lokaliteten. Lokaliteten er grasgrodd og i bakkant - mot NA er det plantefelt (gran). Om lag 40 m N for lokalitet 4 vart det teke eit prøvestikk som og var positivt - lokalite 5. Avstanden opp til lokalitet 3 er om lag 60 m. I prøvestikket som vart teke på lokaliteten var det eit mørk brunt lag torv - 20-22 cm tjukt - over eit funnførande lag med brun sand og noko kol. Det var ein del vassrulla stein i heile laget. Laget var 17-18 cm tjukt. Under dette laget kjem ein ned til steril undergrunn med gråbrun sand, små rullestein og grus.

Funntreferanse

Det vart gjort eit funn i prøvestikket - eit vanleg avslag i flint.

Terrengbeskrivelse

Lokalitet 4 ligg NV på ei større samanhengande flate om lag 50 m NNA for den indre delen av vika Klypa. Lokaliteten ligg i kanten av eit område med myr og inn mot plantefeltet som krinsar om denne flata. Ein liten bergkulle ligg i SV.



ID	97082
Navn	Skaga - Lok. 7 (2002)
Kategori	Arkeologisk minne
Art	Bosetning-aktivitetsområde
Opprinnelig funksjon	Bolig, bosetning
Synlig over markoverflaten	Ja
Registreringstype	Reguleringsplan
Registreringsmetode	Prøvestikking
Siste oppdateringer	Basisregistrering - Kontrollert av:A. Østerdal og O. M. Nøttveit
Eiendommer	49/73 - SKAGANESET
Gårdsnavn	Skaga
Eiertyper	Aksjeselskap (AS)

Beskrivelse


Lokaliteten er liten og naturleg avgrensa på alle sider. Lokaliteten kan vera om lag 8-10 m lang med orientering A-V og om lag 2-2,5 m brei N-S. I V er ein kant ned mot Langskipsvika og her er bratt ned mot lokaliteten i S og i N skrår det opp frå lokaliteten mot ein kolle. Lokaliteten er grodd med gras, lyng og nokre einer. Det vart teke eit prøvestikk på lokaliteten. I det eine stikket som er teke på lokaliteten finn ein øvst eit 25 cm tjukt brunt lag med torv. Under torva finn ein ei 2-5 cm tjukk sandlinse (lag 2). Lag 3 er beige sand med vitra stein om lag 12-13 cm tjukt. Dette laget er funnførande. Her er og ein del stein. under dette laget finn ein eit tilsvarande lag men med meir grus (lag 4). Laget er funnførande. Ned nedste laget i prøvestikket inneheld grå til mørk gråbrun sand og er noko humushaldig (lag 5). Laget er funnførande og 10 cm tjukt.

Funnreferanse

Det vart gjort til saman 18 funn i dei to prøvestikka på lokaliteten. Det vart og samla opp funn i den utsprengde delen av lokaliteten i skrenten ned mot vegen. Her vart det gjort til saman 22 funn. Her er mellom anna funne smalflekkje i rhyolitt, avslag i rhyolitt, kvartsitt og flint. Kvartsitt er det dominerande råstoffet på lokaliteten.

Orientering

Lokalitet 1 ligg i V på den andre sida av den lille dalen som går sørover frå Langskipsvika. Lokalitet 8 ligg 25 m mot A.



ID	97084
Navn	Skaga - Lok. 8 (2002)
Kategori	Arkeologisk minne
Art	Bosetning-aktivitetsområde
Opprinnelig funksjon	Bolig, bosetning
Tilstandsgrad	TG 2 - Moderat tiltaksbehov
Synlig over markoverflaten	Ja
Registreringstype	Reguleringsplan
Registreringsmetode	Prøvestikking
Siste oppdateringer	Basisregistrering - Kontrollert av:A. Østerdal og O. M. Nøttveit
Eiendommer	49/35 - SKAGANESET 2 , 49/73 - SKAGANESET
Gårdsnavn	Skaga
Eiertyper	Aksjeselskap (AS)


Beskrivelse

Lokaliteten måler om lag 12 X 10 m orientert NV-SA og NA-SV. Her har vore køyrt med større maskinar og her er spor etter denne aktiviteten fleire stader. Det vart teke til saman 4 prøvestikk på og rundt lokaliteten, 2 av prøvestikka var funnførande. Om lag 25 m V for lokaliteten ligg lokalitet 7. Etter dei kartfestingane som føreligg har det vore om lag 30-40 m til lokalitetane 5 og 6 som no er sprengd vekk og tidlegare låg på bnr. 87. NB! Lokaliteten er noko skadd som følge av køyring med tung reiskap. Stratigrafien på lokaliteten er lik i begge stikka. Under eit 20-30 cm tjukt mørk brunt torvlag finn ein eit funnførande lag med gråbrun sand, grus og vitra berg. Det funnførande laget er om lag 22-23 cm tjukt og vanskeleg å skilja frå undergrunnen. Den sterile undergrunnen er lik på farge men lausare i konsistens.

Funnreferanse

Det vart gjort til saman 18 funn i dei to prøvestikka på lokaliteten. Det vart og samla opp funn i den utsprengde delen av lokaliteten i skrenten ned mot vegen. Her vart det gjort til saman 22 funn. Her er mellom anna funne smalflekkje i rhyolitt, avslag i rhyolitt, kvartsitt og flint. Kvartsitt er det dominerande råstoffet på lokaliteten.

Terrengbeskrivelse



ID	97073
Navn	Skaga - Lok. 3 (2002)
Kategori	Arkeologisk minne
Art	Bosetning-aktivitetsområde
Opprinnelig funksjon	Bolig, bosetning
Synlig over markoverflaten	Ja
Registreringstype	Reguleringsplan
Registreringsmetode	Prøvestikking
Siste oppdateringer	Basisregistrering - Kontrollert av:A. Østerdal og O. M. Nøttveit
Eiendommer	49/73 - SKAGANESET
Gårdsnavn	Skaga
Eiertyper	Aksjeselskap (AS)

Beskrivelse

Lokaliteten måler om lag 10 X 5 m orientert NA-SV - NV-SA. Lokaliteten er grasgrodd og her veks og ein del einer. Inn mot bergveggen i A veks nokre spredte graner og i NV er det tett planteskog. Heile lokaliteten er prega av vassig og her er fuktig torv fleire plassar. Det var teke til saman 3 prøvestikk på og rundt lokaliteten. To av prøvestikka var positive. Avgrensing av lokaliteten er gjort ut frå prøvestikk men og ut frå topografi. Det vart stukke ein heil del med sonderbor på plassen og her er skrint og berg mange plassar. Avgrensinga er naturleg inn mot berget i A og mot nord er det ein liten kant ned mot plantefeltet i N. Dei to prøvestikka på lokaliteten var temmeleg eins. Her var tjukk torv - frå 30 -37 cm med varierende farge frå brun til mørk brun. Torva var sers fuktig og prøvestikka vart fylde med vatn. Under torva finn ein ein del stein 10-30 cm i størrelse og eit brunt til mørk brunt sandlag. Sandlaget var funnførande og frå 5-12 cm tjukt. Under laget var det stor stein eller berg.

Funnreferanse

Det vart gjort til saman 16 funn på lokaliteten mellom anna avslag av flint, bergart og kvartsitt og eit fragment av grønstein frå ei øks eller ein meisel.

Orientering

Avstanden opp til lokalitet 6 i SSA er om lag 70-80 m. Avstanden ned til lokalitet 4 i NNV kan vera om lag 60 m.



ID	97079
Navn	Skaga - Lok. 6 (2002)
Kategori	Arkeologisk minne
Art	Bosetning-aktivitetsområde
Opprinnelig funksjon	Bolig, bosetning
Fylke	Hordaland
Kommune	Sund
Synlig over markoverflaten	Ja
Registreringstype	Reguleringsplan
Registreringsmetode	Prøvestikking
Siste oppdateringer	Basisregistrering - Kontrollert av:A. Østerdal og O. M. Nøttveit
Eiendommer	49/73 - SKAGANESET
Gårdsnavn	Skaga
Eiertyper	Aksjeselskap (AS)

Beskrivelse


Lokaliteten måler om lag 12-13 m orientert NNV-SSA og 8 m VSV-ANA. Lokaliteten er grasgrodd og i den søndre delen veks og ein del krattskog. A og N for lokaliteten veks det tett granskog. I N går ein sti opp frå lokalitet 3 og stigen deler seg før ein kjem inn på lokalitet 6. Dert vart teke til saman 8 prøvestikk på og rundt lokaliteten. 2 av prøvestikka var funnførande. Stratigrafien i dei to prøvestikka på lokaliteten er mykje lik men varierar noko. Under eit 30 cm tjukt torvlag finn ein eit mørk raudbrunt til brunsvart lag med stein sand og grus. Laget inneheld noko kol og humus. Laget er funnførande og om lag 30-35 cm tjukt. Undergrunnen er vanskeleg å skilja frå det funnførande laget over men noko lausare i konsistens og mykje våtare enn laget over.

Funnreferanse

Det vart gjort til saman 4 funn på lokaliteten, to avslag av flint, eit kjernefragment av flint og ein mogleg tveregga spiss av flint.

Terrengbeskrivelse

Lokalitet 6 ligg i eit NV - SA orientert drag om lag 150 m SSV for Langskipsvika og ein 75 m opp for vika Klypa V for Skaganeseet. Lokaliteten ligg på ei noko fuktig flate med berg og



Skaganeset
29.03.2017
Målestokk 1:4250
SUND KOMMUNE

Bødlholmen

Stekholmen

Stekasundet

Kylpa

Skaganeset

Vindhavn

SKAGA

Ytste

Storhaugen

Kvalvika

Kvalvikskaget

Kvalvågen

Skagatjørna

Långskipsvik

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu

Langskipsbu


Langskipsbu


Langskipsbu

Langskipsbu



Skaganeset
Turstiar - reguleringsplan
29.03.2017
Målestokk 1:4250
SUND KOMMUNE





Skaganeset 10 moh
30.03.2017
Målestokk 1:2500
SUND KOMMUNE





Skagenset 8 moh
30.03.2017
Målestokk 1:2500
SUND KOMMUNE



Skaganeset 8 moh
30.03.2017
Målestokk 1:2500
SUND KOMMUNE

